



ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR FJORDVEGEN RUTE 13 2017



ÅRSMØTET VART HALDE:

Dato: Tysdag 28.03.2017

Tid: 09.00 – 10.00

Stad: Scandic Stavanger Forus Hotel

Årsmøtedeltakarar:

1. Hjelmeland kommune:	Ordfører Bjørn Laugaland	
2. Voss kommune:	Varaordfører Sigbjørn Hauge	
3. Ullensvang herad:	Ordfører Solfrid Borge	
4. Sauda kommune:	Ordfører Asbjørn Birkeland	
5. Vik kommune:	Morten Midlang	etter fullmakt
6. Strand kommune:	Ordfører Irene Heng Lauvsnes	
7. Sandnes kommune:	Nina Othilie Høiland	etter fullmakt
8. Stavanger kommune:	Gunn Jorunn Aasland	etter fullmakt
9. Suldal Kommune:	Varaordfører Kari Vaage Gjuvsland	etter fullmakt
10. Odda kommune:	Form.sk.medlem John Opdal	etter fullmakt
11. Rogaland Fylkeskommune:	Arne Bergsvåg	etter fullmakt
12. Hordaland Fylkeskommune:	Marthe Hammer	etter fullmakt
13. Sogn og Fjordane fylkesk.	Kåre Forslund	etter fullmakt
14. Hardangerrådet iks:	Styreleiar Toralv Mikkelsen	
15. Ryfylke iks:	Gerd Helen Bø	etter fullmakt
16. Hotel Ullensvang:	Edmund Harris Utne	
17. Hardangerbrua	Einar Lutro	
18. Folgefonntunnelen	Styreleiar John Opdal	
19. Ullensvang Næringsforum	Edmund H Utne	etter fullmakt

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Trude L. Rinaldo og Hanne Sundbø

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det er frammøtt 17 røysteføre medlemsrepresentantar. 2 representantar hadde fullmakt frå 2 medlemmer og såleis 2 røyster. Totalt vart det 19 røyster representert i årsmøtet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Årsmøtet lovleg sett.

Årsmøtesak 02/17 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen

Vedtak:

Møteleiar: Gerd Helen Bø

Til å skriva under møteboka: Solfrid Borge og Toralv Mikkelsen
Sekretær: Dagleg leiar Jostein Eitrheim

Årsmøtesak 03/17 Årsmelding med revidert rekneskap for 2016

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding for Fjordvegen Rute 13 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap for Fjordvegen Rute 13 2016 vert godkjent slik det føre. Underskotet 2016, stort kr 176.993 vert dekkja av eigenkapitalen.

Årsmøtesak 04/17 Fastsetjing av kontingent 2018

Vedtak:

Kontingent 2018 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 10.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Fylkeskommunar	kr 85.000

Årsmøtesak 05/17 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2018-2020

Vedtak:

1. Handlingsplan 2018-2020 vert vedteken slik han ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.
2. Langtidsbudsjett vert 2018-2020 vert vedteken slik det ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet. Budsjettet vert justert i samsvar med endra kontingent for fylkeskommunane.

Årsmøtesak 06/17 Val av styremedlemmer for 2 år 2017/2019 Val av leiar og nestleiar Val av valnemnd

Valnemnda var ikkje representert på årsmøtet, men nemnda si innstilling var sendt ut med årsmøteinnkallinga:

Forslag:

Nye styremedlemmer for 2 år 2017-2019
Sigbjørn Hauge Voss kommune Attval
Irene Heng Lauvsnes Strand kommune Ny
Einar Lutro Hardangerbrua Ny

Vedtak:

a) Val av styremedlemmer for 2017/2019 (2 år):

Sigbjørn Hauge Voss kommune einstemmig vald
Irene Heng Lauvsnes Strand kommune einstemmig vald

Det vart sett fram benkeforslag på motkandidat til Einar Lutro.
Bjørn Laugaland føreslo Roald Aga Haug Odda kommune og gjorde krav om skriftleg avrøysting.

Resultat:

Roald Aga Haug vart vald med 10 røyster mot 9 røyster for Einar Lutro.

b) Varamedlemmer i rekkefølge for 2017/2018 (1 år):

1. Edmund H Utne Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge Ullensvang herad
3. Harald Offerdal Balestrand kommune

c) Val av leiar og nestleiar for 1 år.

Leiar 2017/2018 : Gerd Helen Bø Suldal kommune

Nestleiar 2017/2018: Sigbjørn Hauge Voss kommune

Fylkesoppnemnde:

Arne Bergsvåg Rogaland fylkesk.

Marthe Hammer, Hordaland Fylkesk.

Arnstein Menes S&F Fylkesk.

varamedlem: Svanhild Løge Skålheim

varamedlem: Gard Folkvord

varamedlem: Harald Bjarte Reite

d) Val av valnemnd for 2018:

Marta Finden Halset, leiar attval

Torkel Myklebust attval

Hans Erik Ringkjøb attval

Årsmøtesak 07/17 Innkomne saker

Det er ikkje registert innkomne saker.

Årsmøteprotokollen godkjent:

.....
Gerd Helen Bø

.....
Solfrid Borge

.....
Torolv Mikkelsen